



KOMMUNEPLAN AREALDELEN PLANPROGRAM



Fastsett av kommunestyret 14.02.2024, sak KOM 012/24

INNHALD

1. Innleiing.....	3
2. Bakgrunn for planarbeidet	4
3. Rammer og føresetnader for planarbeidet	5
4. Hovudmål for planarbeidet	9
5. Hovudtema i planarbeidet.....	10
6. Utgreiingar/utgreiingsbehov.....	13
7. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse	14
8. Planprosessen og opplegg for medverknad.....	16
9. Sakshandsaming/framdriftsplan	18

1. INNLEIING

Etter plan- og bygningslova skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen.

Samfunnsdelen seier korleis vi vil utvikle samfunnet. Han inneheld ein visjon, dei langsiktige hovudmåla for kommunen, og dei strategiane vi skal følgje for å nå måla.

Arealdelen viser kva vi skal bruke areala i kommunen til, til dømes kor vi skal byggje nye bustader, fritidshus og etablere næring. Arealdelen viser òg kva areal vi ikkje skal byggje på, til dømes område der det er skredfare eller der det er spesielle naturverdiar som vi vil ta vare på.

Askvoll kommune skal revidere arealdelen av kommuneplanen.

Det første steget i planprosessen er å utarbeide eit **planprogram**, jf. plan- og bygningslova §11-13.

Planprogrammet (dette dokumentet) viser kva tema ein skal sjå nærare på i planen, og korleis ein skal gjennomføre planarbeidet.

Planprogrammet skal avklare tidleg i planprosessen

- føremålet med planarbeidet
- planprosessen med fristar og deltakarar
- opplegget for medverknad
- kva for alternativ som vil bli vurdert
- trong for utgreiingar

Planprogrammet skal leggjast ut til offentlig ettersyn. Kommunen skal innarbeide merknadene som kjem inn og fastsette endeleg planprogram.

Sjølve planen - arealdelen av kommuneplanen - skal utarbeidast ut frå det fastsette planprogrammet. Arealdelen skal innehalde desse dokumenta: Eit plankart, føresegner og retningslinjer, ein planomtale, ei konsekvensutgreiing og ein risiko- og sårbarheitsanalyse.



2. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Kommuneplanen er ein overordna styringsreiskap, men skal ikkje vere ei stiv ramme som er bestemt ein gong for alle. Ting forandrar seg heile tida. Kommuneplanen har vanlegvis eit tidsperspektiv på om lag 12 år. Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, dvs. kvart fjerde år, vedta ein kommunal planstrategi. I den vert det teke stilling til om kommuneplanen eller delar av kommuneplanen skal reviderast. Planstrategien vår slår fast at det er trong for å revidere arealdelen no.

Den gjeldande arealdelen av kommuneplanen vart vedteken i 2015. Det var første gong kommunen fekk vedteke ei relativt detaljert plan for heile kommunen, både for landområda og sjøområda. Det har gått nokre år, og ein har fått erfaring med korleis planen fungerer, samtidig som samfunnet i kring har endra seg. Det er difor på tide å gå gjennom og oppdatere planen.

Askvoll kommune vedtok samfunnsdelen av kommuneplanen i juni 2023. Samfunnsdelen har visjon og mål som er føringar for arbeidet med arealdelen, og ein arealstrategi som inneheld viktige prinsipp for arealbruken i kommunen.



3. RAMMER OG FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET

Nasjonale føringar

Plan- og bygningslova styrer i hovudsak planarbeidet i kommunen, men det er i tillegg mange andre lover som regulerer bruken av areal. Forvaltninga etter desse sektorlovene er ofte lagt til andre styresmakter enn kommunen. Noko av lovverket er sektorovergripande og i stor grad styrande for planarbeidet, til dømes naturmangfaldlova, vassforskrifta og folkehelselova. Mellom anna stiller naturmangfaldlova krav om vurderingar som må gjerast og omsyn ein må ta i høve til naturverdiane, både i arbeid etter plan- og bygningslova og etter dei ulike sektorlovene.

I tillegg til gjeldande lovverk er det gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Dei nasjonale forventningane inneheld ei rekke forventningar innan fem hovudtema:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Forventningane viser til at Norge har gode føresetnader for å nå mange av berekraftmåla innan 2030, men vi har likevel utfordringar med å nå måla om reduserte klimagassutslepp, ansvarleg forbruk, ressursbruk, bevaring av naturmangfald og mindre ulikskap. I tillegg møter kommunane andre store samfunnsutfordringar, ma. som følgje av ein aldrande folkesetnad med venteleg større omsorgsbehov og mangel på arbeidskraft innan ulike tenesteområde i kommunane. Vi må tilpasse oss eit klima i endring som vil påverke naturen og store delar av samfunnet. Raske endringar og omveltningar, som auka behov for busetjing av flyktningar, kan òg gje behov for større grad av beredskap og fleksibilitet i planlegginga.


Målet er ein politikk tilpassa regionale og lokale forhold, og slik at det kan leggest til rette for ny vekst og sterkare utvikling i område med svak eller negativ utvikling i folketalet. Sentralisering som svekkjer lokale tenester og tilbod, er ikkje berekraftig. Alle kommunane skal ha moglegheit til å utvikle små og store lokalsamfunn. Særleg i dei områda der folketalet går ned eller står stille, må det vere monaleg større vekt på dei lokale vurderingane og prioriteringane.



FN sine berekraftsmål

Dei nasjonale forventningane viser til at FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn i planlegginga og samfunnsutviklinga.

FN har definert 17 mål som verdas land må oppnå innan 2030 for å lykkast med å skape ei berekraftig framtid på global basis. Desse vert kalla for berekraftsmåla, og inkluderer konkrete målsettingar for å utrydde fattigdom, å utlikne ulikskapar, å stoppe menneskeskapte klimaendringar, helse, klima, fiskeriforvaltning, forureining, biologisk mangfald m.m. utan å øydelegge livsgrunnlaget for framtidige generasjonar.



Å arbeide for ei berekraftig utvikling handlar om å sjå det vi gjer i breitt perspektiv. Alle aktivitetar og avgjerder må bli vurdert opp mot alle dei tre dimensjonane sosial, økonomisk og økologisk berekraft. Det inneber at vi ikkje alltid kan gjere det som fell oss enklast, eller er mest lønsamt i augeblikket. For at vi skal nå berekraftsmåla må alle delar av samfunnet bidra.

Andre føringar:

Mål og rammer for arealplanarbeidet kjem òg fram i statlege planretningsliner, rikspolitiske retningsliner (RPR), stortingsmeldingar, handlingsplanar, rundskriv og ulike rettleiarar. Nokre av dei er

- Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen
- Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing
- Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag
- Rikspolitiske retningsliner for barn og planlegging

Regionale føringar

Fleire fylkeskommunale planar gir føringar for samfunnsutviklinga og arealbruken, og det er forventa at kommunen følgjer opp desse føringane i eige planverk. Dei som er viktigast for arealdelen er:

- Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi)
- Regional plan for klima
- Regional plan for fornybar energi
- Regional plan for vassforvaltning
- Regional transportplan
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling
- Temaplan for landbruk
- Temaplan for reiseliv
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur/Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn (under arbeid)
- Regional strategisk plan for kysten
- Regional plan for kultur
- Regional plan for folkehelse

Kommunale føringar og kunnskapsgrunnlag

- Folkehelseoversiktdokumentet for Askvoll
- Kunnskapsgrunnlag for kommunal planstrategi
- Overordna ROS-analyse for Askvoll
- Samfunnsdelen av kommuneplanen

Samfunnsdelen av kommuneplanen

Samfunnsdelen legg sterke føringar for arealdelen.

Samfunnsdelen inneheld visjon, mål og strategiar

innanfor fire satsingsområde. Kvart satsingsområde har eit hovudmål. Under kvart hovudmål er det utarbeidd delmål og strategiar som skal bidra til å nå hovudmålet. Samfunnsdelen inneheld òg ein arealstrategi som vidarefører og konkretiserer delar av satsingsområda i høve til arealbruk.

Visjon

Trivsel i levande bygder – med rom for eventyr!

Satsingsområde:

1. Levande bygder og gode nærmiljø

Hovudmål: Askvoll skal ha levande bygder og gode nærmiljø prega av trivsel, identitet, engasjement, frivillig arbeid og samhald.

Delmål: Askvoll skal vere eit inkluderande og mangfaldig samfunn med gode møteplassar


Delmål: Askvoll skal vere eit helsefremjande samfunn med små skilnader i levekår

2. Attraktivt næringsliv og god infrastruktur

Hovudmål: Askvoll skal ha eit attraktivt næringsliv og god infrastruktur som støttar opp under næring og busetnad

Delmål: Askvoll skal ha eit sterkt og variert nærings- og arbeidsliv

Delmål: Askvoll skal ha gode og trygge samband internt og med omverda



3. Klima og miljø

Hovudmål: Askvoll møter lokale og globale klima- og miljøutfordringar med berekraftige løysningar

Delmål: Askvoll skal vere ein klima- og miljøvennleg kommune

Delmål: Askvoll er rusta for å møte konsekvensar av klimaendringar og grøen omstilling

4. Kommuneorganisasjonen

Hovudmål: Askvoll kommune skal ha gode tenester for alle

Delmål: Askvoll kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar og inkluderande arbeidsplass

Delmål: Askvoll kommune skal ha gode tenester og vere ein kvalitetsbevisst og utviklingsorientert organisasjon

Arealstrategien inneheld prinsipp for arealbruken i kommunen. Hensikta er å oppnå berekraftige og attraktive stader, legge til rette for næringsutvikling og effektiv utnytting av ressursane, og fremje helse, miljø og livskvalitet. Arealstrategien bidreg til å nå dei andre måla i samfunnsdelen. Prinsippa i arealstrategien skal liggje til grunn når kommunen utarbeider arealdelen av kommuneplanen, og elles i kommunen si sakshandsaming. Arealstrategien inneheld føringar og prinsipp innan temaa generelt utbyggingsmønster, senterstruktur, bustader og bumiljø, næringsutvikling, fritidshus, strandsone og natur- og kulturlandskap.



4. HOVUDMÅL FOR PLANARBEIDET

Arealdelen av kommuneplanen skal følgje opp dei overordna måla og prinsippa frå samfunnsdelen av kommuneplanen, det vil seie bidra til levande bygder og gode nærmiljø, attraktivt næringsliv og god infrastruktur, der omsyn til klima og miljø vert lagt i botn.

Arbeidet med arealdelen skal bidra til oppdatert planverk der ein har avsett arealføremål i tråd med behovet, og til effektiv sakshandsaming der ein unngår fleire plannivå enn nødvendig. Det er ønskjeleg å legge til rette for at innbyggjarane i størst mogleg grad kan søkje om byggjeløyve med utgangspunkt i arealdelen, og slepp å lage reguleringsplan og bestille utgreingar først.



5. HOVDUTEMA I PLANARBEIDET

Vidareføring av gjeldande kommuneplan

Arealdelen av kommuneplanen vart vedteken i 2015. I ettertid er det vedteke kommunedelplan for Atløysambandet.

Den gjeldande arealdelen har i hovudsak vore ein god styringsreiskap, særleg når det gjeld dei arealføremåla som er avsett, altså kvar ein kan byggje. Det har vore litt meir utfordringar med bruken av føresegnene til planen. Føresegnene kan vere upresise på enkelte punkt, og kommunen har opplevd at overordna styresmakter legg anna forståing til grunn i sakshandsaminga enn det som var intensjonen då planen vart vedteken.

Arealstrategien i samfunnsdelen har føringar som skal ligge til grunn for arealdelen no. I planarbeidet vil ein i hovudsak vidareføre den same utbyggingsstrukturen som er i kommunen i dag, og som ligg til grunn i gjeldande arealdel. Det vert opna for å komme med forslag om ny/endra utbygging i heile kommunen. Generelt vil ein vurdere om område som er sett av til framtidig utbygging, men der ein ikkje har starta å byggje ut, skal takast ut av planen. Ein vil òg arbeide med å få føresegnene meir tydelege og treffande.

Utbygging av Atløysambandet vil gje nye moglegheiter og truleg endra etterspurnad etter areal. I planarbeidet skal vi sjå på korleis vi kan legge til rette for endra arealbruk både på Atløy og på fastlandet som følgje av brusambandet.



Gjennomgang av gjeldande reguleringsplanar

Kommunen har vedteke mange reguleringsplanar opp gjennom åra, og dei er av varierende kvalitet. I planarbeidet skal vi vurdere kvar enkelt reguleringsplan for å avklare kva planar

som kan gjelde vidare, kva planar som må supplerast av kommuneplanen på eitt eller fleire tema, og kva planar som fullt ut må erstattast av kommuneplanen. Dei reguleringsplanane som ikkje lenger er ein god styringsreiskap, bør kommunen oppheve etter at ny arealdel er vedteken.

I eldre planar er det ofte ikkje gjort, eller ikkje gjort gode nok, vurderingar av ulike tilhøve som ein må utgreie i planar i dag. Vi må vurdere om planane er oppdaterte og i samsvar med nasjonale og regionale føringar/interesser, td. i høve til naturmangfald, vassforskrift, jordvern og bruk av strandsone («miljørevisjon»). Samfunnstryggleik (ROS-vurderingar) som klimatilpassing, skredfare og stormflo er òg tema som ofte er lite vurdert i eldre planar. Samtidig må ein vurdere om reguleringsplanane legg opp til eit føremålstenleg utbyggingsmønster som er i samsvar med føringane i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Gjennomgang av framtidige utbyggingsområde i gjeldande arealdel

I gjeldande arealdel er det avsett ulike område til framtidig utbygging, td. nye bustadområde eller nye hyttefelt. På same måte som for eldre reguleringsplanar, må ein gå gjennom desse og vurdere om dei framleis «held mål» i høve til «miljørevisjon» og samfunnstryggleik, og om dei er i samsvar med føringane i samfunnsdelen. Det skal ikkje settast av meir areal til utbygging i arealdelen enn det som er nødvendig, ma. slik at ein ikkje byggjer ned for mykje natur. Dersom det ikkje lenger er realistisk at områda vert bygde ut, bør dei takast ut av planen. Når ein tek ut av planen dei områda som ikkje er aktuelle å byggje ut, kan ein sleppe til andre som har utbyggingsønskje i andre område.

Arealrekneskap

I arealstrategien i samfunnsdelen er det lagt opp til at kommunen skal ha eit busetnadsmønster som opnar for både fortetting og spreidd busetnad. Det skal vere attraktivt å bu og drive næring i heile kommunen. Samtidig må ein ha fokus på at fortetting og vidareutvikling av eksisterande utbyggingsareal skal vurderast før ein tek i bruk ubygde område. I planprosessen skal ein nytte arealrekneskap for å synleggjere kor mykje nytt areal som vert nedbygd.



Bustader

Då gjeldande arealdel vart vedteken, var det svært lite etterspurnad etter andre typer bustader enn einebustader. Det har endra seg mykje dei siste åra. No er det både etterspurnad etter og behov for meir varierte bustadtyper, og vi må sjå på korleis vi kan legge til rette i ny arealdel for å byggje tettare og høgare, og med mindre bueiningar i tillegg til einebustader. Særleg i Askvoll sentrum er det stor trong for fleire bueiningar.

Askvoll kommune er prega av at det meste av busetnaden ligg spreidd, og det er få og små sentrumsområde. Sjølv om bustader bør plasserast i tilknytning til eksisterande bustadområde, ønskjer vi samtidig å ta vare på kvaliteten som ligg i det å ha spreidd busetnad i heile kommunen. Ny utbygging vil ofte støtte opp om bygdene og vere grunnlag for eksisterande og nye funksjonar som td. skule, butikk, mindre næringsetableringar og aktivitetar i nærmiljøet.

I gjeldande arealdel er det avsett landbruks-, natur- og friluftsområde der det er tillate med spreidd utbygging (LNF-spreidd) i alle grender. Ein del av desse områda er ikkje reellt

utbyggbare likevel, fordi det er avgrensingar i føresegnene om at ein ikkje kan byggje på dyrka mark eller der bygging kjem i konflikt med natur-, friluftsliv- eller kulturminneverdiar. I planarbeidet vil vi sjå nærare på korleis områda og utbygginga kan avgrensast betre.

Næring

Arealdelen skal sikre at vi har gode næringsareal med tilhøyrande infrastruktur. I planarbeidet skal vi ha fokus på at det skal vere mogleg å etablere og drive næring i kommunen, utan at det vert store konflikter med omkringliggande busetnad eller annan arealbruk. Vi må så langt det er realistisk avsette areal til industri, forretningar, kontor og anna næring. Samtidig må vi prøve å kanalisere «rett næring på rett plass». Arbeidsvanene har endra seg, og det er meir vanleg med heimekontor og andre fleksible løysingar, og det er viktig å kunne legge til rette for mindre bedrifter, anten i ein oppstartfase eller som tilleggsnæring.

Dei seinare åra har det vist seg problematisk å justere akvakulturanlegg, td. endringar av fortøyningar eller merdar. Søknad om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen vert ikkje akseptert av overordna styresmakter. Det er òg komme fram mykje ny kunnskap dei seinare åra, og akvakulturnæringa møter utfordringar med å finne nye lokalitetar, samtidig som det er statlege føringar på at ein skal auke den marine produksjonen. I planarbeidet må vi sjå på korleis vi kan avsette lokalitetar som er eigna, og som gjev næringa rom til fornuftig drift.

Strandsona

Det har vore pågang i høve til båt plassar i ulike område i kommunen dei seinare åra. Etterspurnaden etter båt plass for større og mindre båtar vil truleg ikkje avta i framtida, og gjeld for både fastbuande og hyttefolk. I planarbeidet vil vi sjå på høva til å tilrettelegge for båthamner.

Det er strenge nasjonale føringar når det gjeld bygging og frådeling av tomter i 100m-beltet langs sjøen. Samstundes ligg store delar av dei områda i kommunen som i det heile *kan* byggast ut, i 100m-beltet. Dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona gir noko opning for bygging i strandsona, men føreset ma. at alternative lokaliseringar er vurderte. Det kan vere ønskje om utbygging i strandsona som er viktige for sysselsetting og styrking av folketalet. Det vil difor vere viktig å fastsette kva delar av strandlina ein ønskjer å byggje ut, og kva for delar ein skal halde frie. Byggjegrænse langs sjøen skal vurderast konkret for dei ulike områda i kommunen («funksjonell strandsona»).

Natur og miljø – bruk og vern

Kommunen har mange område som er viktige og interessante i høve til naturmangfald, landskap, jordressursar, naturstein/mineral, kulturminne og friluftsliv, både på land og i sjø. Dette er ressursar som kan vere ønskjeleg å nytte på ulike måtar, td. til reiseliv og uttak av naturstein. I planarbeidet må ein i størst mogleg grad ivareta område med spesiell verdi, men likevel finne ein balansegang, slik at ein kan få ei berekraftig bruk av nokre av desse ressursane.



6. UTGREIINGAR/UTGREIINGSBEHOV

Ut frå det ein ser i dag, er tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag i hovudsak godt nok til å gjennomføre planarbeidet og vurdere konsekvensane av utbygging på dette plannivået. Det skal likevel gjerast følgjande utgreiingar:

- Kjerneområde landbruk
Kjerneområde landbruk er dei areala som er viktige for at landbruket skal kunne produsere mat og forvalte kulturlandskapet. Dei områda i kommunen som bør prioriterast til landbruk og der ein vil unngå nedbygging, skal veljast ut og settast av som omsynssone i plankartet i arealdelen.
- Avgrensing av aktsemdområde for kvikkleire
Vurdere område under marin grense med potensiell fare for kvikkleireskred, for om mogleg å avgrense utstrekninga på aktsemdområda, i samsvar med rettleiar NVE 1/2019 (tabell 3.1 pkt.1-3). Til dømes kan terrenghelning på området og at det er berg i dagen eller grunt til fjell tilseie at det ikkje er skredfare, og ein kan dermed «klarere» området.
- Identifisere område med potensiell fare frå overvatn
Avklare kva område som er utsett for overvatn, i samsvar med rettleiar NVE 4/2022. I desse områda tilseier risikoen at ein bør unngå utbygging i størst mogleg grad. Områda skal settast av som omsynssoner i plankartet i arealdelen.

Konsekvensar av/for utbyggingsområde skal vere avklart på siste plannivå. Det vil seie at td. reell skredfare må vere avklart i arealdelen, dersom ein opnar for utbygging og søknad om byggjeløyve med heimel direkte i arealdelen. Det er ikkje mogleg å utsette konsekvensvurderinga til byggjesaka. Dersom konsekvensane ikkje er klarlagte i arealdelen, må ein sette krav om at det skal utarbeidast reguleringsplan, der slike konsekvensar skal utgreiast, før ein kan gje byggjeløyve. Det kan vere aktuelt å få utarbeidd utgreiingar som avklarar konsekvensar for ulike tema for enkelte område i kommunen, slik at det ikkje vert nødvendig å sette krav om utarbeiding av reguleringsplan for det aktuelle området. Dette vert det teke fortløpande stilling til under planarbeidet.



7. KONSEKVENSGREIING OG ROS-ANALYSE

Arealdelen skal innehalde ei konsekvensutgreiing. Gjennom konsekvensutgreiinga skal ein vurdere verknader som planen kan få for miljø og samfunn. Framlegg til ny eller endra utbygging må konsekvensutgreiast for å avklare om det er tilrådeleg å ta utbygginga inn i planen. Ein skal vurdere både verknadene av kvart enkelt utbyggingsområde, og dei samla verknadene av alle arealbruksendringane i planen.

Konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i metodikken i rettleiar Konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven og Håndbok om konsekvensutredning av klima og miljø M-1941. Vurderinga av konsekvensar skal baserast på kjend kunnskap. Der konsekvensutgreiinga finn at føreslått arealbruk kan få negative konsekvensar, skal det vurderast avbøtande tiltak.

Tema som skal handsamast i konsekvensutgreiinga, og kjelder som vil bli lagt til grunn, er vist i tabellen under. Lista er ikkje fullstendig, og vert justert i løpet av planarbeidet.

Som del av planarbeidet skal det òg utarbeidast ein ROS-analyse. Denne skal vise alle risiko- og sårbarheitstilhøve som har betydning for om areal er eigna til utbyggingsføre mål. Analysen skal omfatte vurderingar både av risiko som utbygginga i eit konkret område kan verte påverka av, og risiko som utbygginga kan føre til. Risikovurderinga for det enkelte utbyggingsområdet må sjåast i samanheng med konsekvensutgreiinga for området.

ROS-analysen skal utførast i samsvar med rettleiar Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging DSB 2017 og kommunen sin heilskaplege ROS-analyse.

KU Utgreiingstema	Kunnskapsgrunnlag
Miljø	
Naturmangfald	Naturbase Artsdatabanken Fiskeridirektoratet sine kartbasar Geologisk arv (ngu.no)
Landskap	Naturbase – landskap KULA
Friluftsliv	Naturbase – statleg sikra friluftsområde Ut.no
Kulturminne og kulturmiljø	Askeladden Sefrak-registeret Lokalt registrerte kulturminne
Strandsone	Tilgjengeleg strandsone Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen
Klimagassutslepp	NIBIO – karbonrike areal som myr og skog
Støy	Naturbase – støy Støysone langs fylkesveg Støysoner frå reguleringsplanar (skytebane, steinbrot)
Luftforureining, støv	
Grunnforureining	Grunnforureining
Vassmiljø	Vann-nett

	Regional plan for vassforvaltning
Naturressursar <ul style="list-style-type: none"> • Jord- og skogressursar • Fiskeri • Mineralressurser 	Ar5 Kjerneområde landbruk Fiskeridirektoratet sine kartbasar Direktoratet for mineralforvaltning sine kartbasar NGU sine kartbasar
Samfunn	
Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar	
Infrastruktur og offentlege tenester <ul style="list-style-type: none"> • Teknisk infrastruktur (veg, vatn og avløp) • Sosial infrastruktur (skule, barnehage, helsetilbod) 	
Universell utforming (tilgjengelighet for alle til uteområder og gang- og sykkelveinett)	
Barn og unges oppvekstvilkår	
Folkehelse	Folkehelseoversikt for Askvoll Bustadsosial handlingsplan (u.arb.)
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet	
Elektromagnetisk stråling	
Syssetsetting og verdiskaping	
ROS/samfunnstryggleik (uønska hendingar)	
Naturfare <ul style="list-style-type: none"> • Skred i bratt terreng • Fjellskred • Kvikkleireskred • Flaum • Overvatn • Havnivåstigning og stormflo • Skog- og lyngbrann • Sterk vind 	Klimaprofil for Sogn og Fjordane NVE sine kartbasar
Ulukker <ul style="list-style-type: none"> • Brann/eksplosjon, utslepp av farlege stoff, akutt forureining (farleg verksemd) • Brann i bygningar og anlegg • Større ulukker (veg, sjø) (trafikkulukker, farleg transport) 	

8. PLANPROSESSEN OG OPPLEGG FOR MEDVERKNAD

Kommunen skal legge til rette for medverknad. Innbyggjarar, lag/organisasjonar, offentlege organ og andre interesserte har høve til å komme med innspel og merknader to gonger i løpet av planprosessen; når planarbeidet vert starta opp/planprogrammet lagt ut til offentleg ettersyn, og når sjølve planen er utarbeidd og lagt ut til offentleg ettersyn.

Oppstart av planarbeidet

Oppstart av planarbeidet vert kunngjort i avis og på kommunen sine heimesider samstundes med at framlegg til **planprogram** vert lagt ut til offentleg ettersyn. Aktuelle fagstyresmakter og lag/organisasjonar vert varsla med brev, der kommunen oppmodar om å komme med innspel både til planprogrammet og sjølve planen. Merknadene som kjem inn vert innarbeidd i framlegget, og kommunestyret fastset endeleg planprogram. Fastsett planprogram vert sendt ut til dei som har gjeve uttale til det.

Organisering

Formannskapet og leiar av komité for næring, miljø og teknikk skal vere politisk **styringsgruppe** for planarbeidet. Dei skal delta aktivt i planprosessen og velje prinsipp/tema undervegs i planlegginga. Dei vil såleis ha føre seg planen mykje oftare enn berre ved den lovpålagte sakshandsaminga, og arbeide konkret med innhaldet i planen. Plandokumenta skal utarbeidast av kommuneadministrasjonen med innleigd konsulentfirma til delar av arbeidet.



Utarbeiding av arealdelen

Kommunen vil konsentrere seg om ein krins om gongen under utarbeiding av planen. Det vil vere eitt **folkemøte** i kvar krins, både for å presentere problemstillingar som er spesielle for krinsen, og for å oppnå betre kontakt med og tilbakemelding frå innbyggjarane. I forkant av folkemøta ønskjer kommunen å sende ut **SMS-varsel** til husstandane med informasjon om planarbeidet og oppmoding om å komme med innspel. I tillegg ønskjer ein at representantar for kommunen (administrasjon og politikarar) kan ha **synfaring** og **møte** med velforeiningane i dei ulike bygdene, for å bli betre kjent med tilhøva/bruken av ulike område i krinsen og få fram ulike ønskje/utfordringar som allereie har vore drøfta i bygda. Det er òg aktuelt å ha **open kontordag** ein eller fleire stader, der dei som ønskjer kan komme innom og legge fram innspela sine for kommuneadministrasjonen.

Barnerepresentanten, ungdomsrådet og råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vil bli trekt inn i arbeidet nokre gonger i løpet av planprosessen.

Kommuneadministrasjonen er open for å ta i mot telefonar, få besøk på kontoret og ha møte med einskildpersonar eller organisasjonar når nokon ønskjer det. Administrasjonen vil òg ta kontakt etter behov/ønskje med offentlege instansar, næringslivet, interesserte einskildpersonar, lag/organisasjonar og andre aktuelle for å få innspel og bakgrunnskunnskap. Dette kan td. vere dersom ein ser at einskilde grupper ikkje er godt nok representerte blant dei som kjem med innspel eller medverker i planarbeidet, eller dersom det dukkar opp konkrete spørsmål som treng spesiell drøfting og avklaring med innbyggjarane.

Kommunen ønskjer å ha møte med **Planforum** både ved oppstart av planarbeidet – medan planprogrammet ligg til offentlig ettersyn – og når mesteparten av innspela er komne inn, altså litt før planen vert lagt ut til offentlig ettersyn. Planforum er eit samarbeidsforum for fylkeskommunen, statsforvaltaren, Statens vegvesen og andre aktuelle statlege organ (på fylkes-/regionnivå) for informasjonsutveksling og diskusjon i plansaker. Føremålet er å få råd/tips og få synleggjort og avklart konfliktområde så tidleg som mogeleg i planprosessen.

Offentleg ettersyn

Når arealdelen er ferdig utarbeidd, skal kommunestyret gjere vedtak om å legge planen ut til offentlig ettersyn. Dette vert kunngjort i avis og på kommunen sine heimesider. Aktuelle fagstyresmakter og lag/organisasjonar vert varsla med brev. Medan planen ligg til offentlig ettersyn, vert det halde eitt **folkemøte** i kvar krins for å presentere og drøfte planframlegget. Alle som ønskjer det kan sende inn merknader til planen.



Vedtak av arealdelen

Kommunestyret skal handsame alle merknadene som kjem inn ved offentlig ettersyn og vedta planen. Vedteken plan vert kunngjort i avis og på kommunen sine internettsider, og sendt ut til fagstyresmaktene, lag/organisasjonar og andre interesserte.

Informasjon om planarbeidet

Kommunen legg opp til å nytte Askvoll sine **internettsider** www.askvoll.kommune.no til å informere fortløpande om planarbeidet. Kunngjeringar og dokument, både vedtekne og til offentlig ettersyn, vil ein finne der.

9. SAKSHANDSAMING/FRAMDRIFTSPLAN

Kommunen legg opp til sakshandsaming og framdrift i planarbeidet slik det er vist i oppsettet under. Oppsettet er ei grov oversikt, og det kan difor verte endringar.

År	2023			2024												2025												
Månad	10	11	12	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	
Vedtak om oppstart og høyring planprogram – kommunestyret	X																											
Kunngjering av oppstart og høyring av planprogram																												
Høyring av framlegg til planprogram																												
Møte med Planforum																												
Handsaming av innspel til planprogram																												
Fastsetting av planprogram – kommunestyret					X																							
Utsending av fastsett planprogram																												
Utarbeiding av kunnskapsgrunnlag/utgreiingar																												
Medverknad/innspel til planen																												
Innhenting av informasjon/utarbeiding av planframlegg																												
Folkemøte																												
Møte med Planforum																												
Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn – kommunestyret																												
Offentleg ettersyn av framlegg til plan																												
Medverknad/innspel til planen																												
Folkemøte																												
Handsaming av innspel til planen																												
Vedtak av planen – kommunestyret																												X
Kunngjering av planvedtak, utsending av vedteken plan																												